



Vedtekter for utlån av skulerom:

1. Kommunen skal vederlagsfritt låna ut skuleanlegg til undervisning, kulturelle og sosiale aktiviteter.
2. Søknad om utlån vert sendt til rektor som administrer ordninga. Faste avtalar gjeld til avslutning av skuleåret.
3. Bruken av skuleanlegget må ikkje føra med seg ulemper for undervisninga. Ved avslutta leigedag skal romma vera møblert og rydda slik som ved start. Dette gjeld også skulen sitt uteareal.
4. Røyking og bruk av rusmidlar er ikkje tillete i bygningane eller på skulen sitt uteområde.
5. Ansvarleg låntakar skal vera over 18 år, og må gjera seg kjend med og fylgja dei reglar m.a. branninstruks som gjeld for utlån av dei ulike rom/anlegg. Låntakar er økonomisk ansvarleg for evt. skade som vert påført på anlegg og utstyr. Ved skade skal det straks meldast til rektor.
- 6 For utlån til kommersielt bruk skal det sendast søknad til kommunen ved rådmann via skulen.
7. Det kan gjerast tilpassingar med låsesystem slik at delar av bygget vert meir eigna til utlån.

Nye utlånsreglar vert gjort gjeldande frå 01.06.09